

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
024/2016	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	27.04.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kristine Skaiaa Born	16/728	16/4808

### Forskrift om frist for spreieing av gjødselvarer av organisk opphav for Austrheim, Fedje og Radøy kommunar, Hordaland.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

I samsvar med Forskrift av 4. juli 2003 nr 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23, er det høve for kommunen å fastsetja frist for spreieing av gjødsel tilpassa lokale forhold. Hovudregelen for landet er at husdyrgjødsel som ikkje pløyast ned i jorda skal spreiaast før 1. september. Radøy Bondelag har etterspurt ein forlenga spreiefrist for Radøy kommune. Slik utsett frist kan fastsetjast i form av enkeltvedtak eller ved lokal forskrift, men ikkje seinare enn 1. oktober.

*«Spredning av gjødselvarer av organisk opphav er kun tillatt i perioden 15. februar til 1. november.*

*Det er ikke tillatt å spre gjødselvarer på snødekket eller frossen mark.*

*Spredning uten nedmolding/nedfelling på eng og annen grøde bør gjøres så tidlig i vekstsesongen at det er mulighet for betydelig gjenvækst som høstes eller beites, og skal gjøres senest innen 1. september, dersom ikke noe annet er bestemt av kommunen iht. tredje ledd.*

*Kommunen kan på vilkår av at kommunens klimatiske forhold og vannkvaliteten i kommunens vassdrag tillater det, ved forskrift eller enkeltvedtak, tillate en senere frist for spredning uten nedmolding/nedfelling enn 1. september, men ikke senere enn 1. oktober. Muligheten for endring ved forskrift gjelder likevel ikke kommunene som ligger innenfor nedbørsfeltet som drenerer til kyststrekningen svenskegrensa - Lindesnes.*

*Kommunen kan ved forskrift eller enkeltvedtak forby spredning av gjødselvarer som nevnt i 1. ledd i hele eller deler av perioden fra og med 1. september til 1. november i områder med alvorlig forurensning eller fare for alvorlig forurensning.»*

Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy har utarbeidd eit utkast til forskrift (vedlegg 1). Denne har vore oppe i landbruksfagråda i Austrheim og Radøy 23. februar 2016.

#### Vurdering

Formålet med forskrifta er å sørge for at gjødselressursane blir nytta best mogleg, samstundes som forureining vert unngått. Landbrukskontoret finn tidsrommet 20. mars til 20 september høveleg for spreieing av husdyrgjødsel i vårt område.

#### Agronomi – økonomi

Gjødsel er ein ressurs og skal bidra til betre vekst i avlingar. For å nytta dette maksimalt må det vera vekst i avlinga på gjødslingstidspunktet slik at næringa vert teke opp av plantane og ikkje renn vekk. I vårt område er det sjeldan vekst i plantane før overgangen mars/april og spreieing før dette vil gje

liten grad av utnytting.

I 2015 var det 3 Radøy-bønder som søkte om å kjøra gylle tidleg, alle desse hadde problem med gjødselkjellarane sine, t.d vasslekasje, for liten plass. I 2016 var det berre ein som søkte. Bønder med tilstrekkeleg gjødsellager-kapasitet vil sjeldan gjødsle i tidsrommet 15. februar til 20. mars grunna dårleg utnytting.

Miljø – Forureining

Vurdering etter §§ 8 til 12 i naturmangoldlova.

Vasskvalitet er eit viktig tema når ein skal vurderer utfordringane knytt til spreining av husdyrgjødsel. Ureining frå landbruket og den auka nedbøren utover hausten gjer at ein bør vera spesielt varsam med å spreia husdyrgjødsel. Noreg har slutta seg til EU sitt vassramme-direktiv. Radøy kommune er ein del av Norhordland vassområde og i den regionale planen for vassområdet er utslepp frå diffuse kjelder som avlaup og landbruk ein av dei seks største utfordringane. Me har 9 innsjøar, 6 elver og bekkar og 3 fjordar med dårleg vasskvalitet som i tiltaksplanen skal ha god økologisk tilstand eller betre innan 2021. Spreiing før det er vekst i plantane vil gje auka avrenning og på hausten vil store nedbørsmengder vaska ut næringstoffa i gjødsel som er spreia for seint.

Ut i frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det i framlegget til forskrift er tatt omsyn til naturmangfaldet, jamfør §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

### **Konklusjon**

For kommunane Austrheim, Fedje og Radøy sin del finn Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy det kan vera hensiktsmessig å fastsetja spreieperioden frå 20. mars til 20. september. Vi finn at dei miljømessige skadeverknadane ved ein slik utsett frist er avgrensa, samstundes som ein så pass romsleg frist gir eit større handlingsrom for bøndene på hausten då det erfaringsmessig er størst trong for spreining.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Forslag til «Forskrift om frist for spreining av gjødselvarer av organisk opphav for Austreheim, Fedje og Radøy kommunar, Hordaland» vert lagt ut på høyring i 6 veker.

### **Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 024/2016**

#### **PLT - handsaming:**

Hovudutvalet drøfta grundig om spreieperioden for gjødselvarer av organisk opphav skal vera frå 15/2 eller frå 20/3.

Rådmannen kom med klart råd om å avgrensa spreietidspunktet til 20.mars. Administrasjonen understreka at landbruket har ein ikkje ubetydeleg påverknad på vasskvaliteten i vatna i Radøy. Det vart vist til framtidige nasjonale krav til vasskvalitet som gjer det nødvendig å setja bremsene på no for å avgrensa ulike forureiningskjelder.

Leif Taule (Sp) peika på at avrenninga frå landbruket er vesentleg redusert. Han oppmoda kommunen om å arbeida fram ein samla tiltaksplan for reduksjon av forureining av vatna i kommunen.

*På vegne av Sp og Høgre sette Taule fram følgjande endringsframlegg:*

§ 5

Landbruksføretak med tilstrekkeleg spreieareal, kan spreie gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling på eng og anna godkjent spreieareal i perioden 15. februar- 30. september men ikkje på snødekt eller frosen mark. Dei som ynskjer å spreia organisk gjødsel i tidsrommet 15/2 - 20/3, må melda frå til Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy.

For all spreiiing av gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling i perioden 1-30. september, kan det maksimalt spreiest 2 kubikk/daa. Mot alle vassdrag og sjø skal det setjast att ei sone på minst 6 meter som ikkje skal gjødselast. Det blir rådd frå å spreia gjødselsvarer mv. av organisk opphav på hellande mark mot vassdrag mv. og sjø i perioden 1. til 30. september.

Fellesframlegget vart vedteke med fire røyster (2 Sp, 2H) mot tre røyster (3 Ap).

**PLT - vedtak:**

Forslag til «Forskrift om frist for spreiiing av gjødselvarer av organisk opphav for Austrheim, Fedje og Radøy kommunar" vert lagt ut på høyring i 6 veker med følgjande endring:

§ 5

Landbruksføretak med tilstrekkeleg spreieareal, kan spreia gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling på eng og anna godkjent spreieareal i perioden 15. februar- 30. september men ikkje på snødekt eller frosen mark. Dei som ynskjer å spreia organisk gjødsel i tidsrommet 15/2 - 20/3, må melda frå til Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy.

For all spreiiing av gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling i perioden 1. - 30. september, kan det maksimalt spreiest 2 kubikk/daa. Mot alle vassdrag og sjø skal det setjast att ei sone på minst 6 meter som ikkje skal gjødselast. Det blir rådd frå å spreia gjødselsvarer mv. av organisk opphav på hellande mark mot vassdrag mv. og sjø i perioden 1. til 30. september.

**Vedlegg:**

Forskrift om spreiiing av gjødselvarer Radøy - ferdig utkast

Referat frå møte i Landbruksfagrådet - konstituerande møte (DokID 52575)

Forskrift om gjødselvarer mv